

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.30 Til kl. 21.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	16.3.21	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam, Leif Turlid.

Vara-medlemar

Andre Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

7/21, 8/21, 9/21, 10/21, 11/21.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.3.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 7/21. Referat og meldingar

Desse meldingssakene låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 8. februar
- 2) 12. februar: Brev frå Nærøyfjorden verneområdestyre med dispensasjon frå verneforskrifta for å byggja ny bru i Nordheimsdalen
- 3) 16. februar: Årsmøte Aurland setjefisk SA, årsmelding m.m.
- 4) 23. februar: E-post frå Hardangervidda villreinutval: kortanalyse frå jakta 2020
- 5) 3. mars: Årsmøte Aurland fiskeadministrasjon
- 6) 3. mars: E-post frå Norges fjellstyresamband om personvern/GDPR hjå fjellstyra
- 7) Møtebok frå styremøte villreinutvalet for Nordfjella 4. mars
- 8) 7. mars: Søknad frå Ketil Molver om løyve til å køyra snøskuter i samband med inspeksjon av jaktbu ved Skomabreen
- 9) 8. mars: e-post med årsmelding og rekneskap for Hol fjellstyre
- 10) 8. mars: Fjellopsynet hadde HMS-øving i felt, i Brubotn (gjennomgang av sikringsutstyr, teknisk gjennomgang av snøskutrar, skredfarevurdering, risiko islagt vatn).
- 11) 11. mars: SNO melder om at det er sett GPS-klavar på 3 dyr i Raudafjell, 2 simler og ein bukk, og at det er fotografert 79 dyr i det området.
- 12) 15.-18. mars: Villreinutvalet prøver å få gjennomført ei minimumsteljing, trass i vanskar med å få godkjent bruk av fly frå flyklubbane, som har vore praksis i 45 år.
- 13) GPS-posisjonar for rein i sone 2 siste veka – ev tiltak omkring gjevne dispensasjonar for skuterkøyring i det aktuelle området?
- 14) 16. mars: e-post frå Norges fjellstyresamband: ny forskrift om jakt og fiske vedteken.
- 15) 16. mars Revisjonmelding for fjellstyrerekneskapen for 2021 er skriven av Deloitte AS v/Gunn Irene Sviggum Bruheim.
- 16) 21. januar: Brev frå Hafslund E-co: Melding om tiltak – ombygging damanlegg Viddalsvatn 2021-2023

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.3.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 8/21. Kortprisar for fiske med stong, oter og garn i Aurland statsallmenning

Saksutgreiing med forslag til nye prisar låg føre

Samrøystes vedtak:

For Aurland statsallmenning vedtek fjellstyret dei prisane for stong-, oter- og garnfiske som ligg i tabellane nedanfor. Prisane vert sette like for innan- og utanbygdsbuande, grunngeve med at utanbygds fiskarar har eit avgrensa utval av vatn å fiska med garn i, i høve til innanbygdsbuande.

Stong- og oterfiske:

Korttype	Kortsal innan sona	Aurlandskortet
Dagskort	Ny pris 75,-	Ny pris 125,-
3 dagar	Ny pris 180,-	Ny pris 250,-
1 veke	Ny pris 260,-	Ny pris 375,-
Sesong	Ny pris 380,-	Ny pris 600,-

Garnfiskekortet for statsallmenningen (omfattar og stong og oterfiske):

Sesongkort 1 garn	Ny pris 430,-
Sesongkort 2 garn	Ny pris 460,-
Sesongkort 3 garn	Ny pris 490,-
Sesongkort 4 garn	Ny pris 520,-
Sesongkort 5 garn	Ny pris 550,-

Fjellstyret tilbyr og ein pakke som inkluderer "Aurlandskortet" (stongfiske i alle sonene) og garnfiske i statsallmenningen. Då vert nye prisar følgjande (alle opp 100 kr i høve til tidlegare):

Aurlandskort sesong + 1 garn:	650,-
« « + 2 garn:	680,-
« « + 3 garn:	710,-
« « + 4 garn:	740,-
« « + 5 garn:	770,-

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.3.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 9/21. Administrasjon av Aurland fiskeadministrasjon sin bankkonto

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret stiller seg positivt til å overta administrasjonen av Aurland fiskeadministrasjon sin bankkonto, for å løysa problemet med registrering/manglande organisasjonsnummer. Fjellstyret føreset at dette ikkje fører med seg vesentleg auka kostnader for fjellstyret. Vidare føreset ein at disponeringa av inneståande midlar på kontoen vert gjort av Aurland fiskeadministrasjon, som før.

Sak 10/21. Val av fjellstyret sin representant i Aurland hjorteutval

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Som fjellstyret sin representant i Aurland hjorteutval vert **Håkon Øydvin** vald, med **May Britt Martinsen** som vara.

Sak 11/21. Omgjering av tidsavgrensa engasjement til fast stilling som fjelloppsyn

Saksutgreiing låg føre.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret drøfta om stillinga burde lysast ut, men konkluderte med at han som har engasjementet no, ut frå gjeldande lovverk og varigheit av arbeidsforholdet, har krav på å bli tilsett, og at ei utlysing med påfølgjande vurdering av fleire søkjarar difor vil vera vekkasta arbeid.

Samrøystes vedtak:

Aron Freyr Gudmundsson får tilbod om fast stilling som fjelloppsyn frå 1.4.21, med slik fordeling av arbeidstid gjennom året:

- 1. mars – 31. oktober: 100 % stilling
- 1. november – 28. februar: 50 % stilling